



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

Vår dato
08.11.2016
Dykkar dato
28.10.2016

Vår referanse
2016/13948 752
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

I høve val av medlemar - Radøy - Austrheim - Fedje - Forliksråd - 2017 - 2020

Fylkesmannen viser til dykkar vedtak av 27.10.2016, om val av medlemar og varamedlemar til forliksrådet for Radøy, Austrheim, og Fedje for perioden 2017-2020.

Fordi forliksrådsmedlemane er dommarar, gjeld domstollova § 53 også for dei. Føresegna set krav om at forliksrådsmedlemane må vere:

- norske statsborgarar, menn eller kvinner
- vederheftige
- ikkje frådømd stemmerett i offentlege høve

I tillegg inneholder domstollova § 56 visse vilkår:

- vedkomande må ha fylt 25 år.
- vedkomande må vere under 70 år ved starten av valperioden, jf. § 70 andre ledd nr. 1.
- vedkomande må vere særskilt eigna til oppgåva og beherske norsk skriftleg og munnleg godt.

Det går også fram at føresegna at personar som ikkje er busett i kommunen kan nekte å ta imot val.

Etter domstollova § 56 første ledd andre punktum gjeld domstollova §§ 71 – 74 tilsvarande for forliksrådsmedlemar. Det medfører at dei som er utestengde frå val som lekdommarar heller ikkje kan veljast som forliksrådsmedlemar. Føresegna i domstollova § 71 oppgjev kven som er utestengde på grunn av stilling, medan § 72 oppgjev kven som er utestengde på grunn av vandel.

Etter domstollova § 73 er det kommunen som skal kontrollere at ingen vert valde i strid med §§ 70-72. I praksis vil den nødvendige informasjonen måtte hentast inn dels gjennom kontakt med den enkelte kandidat og dels ved førespurnad til strafferegisteret eller politiet. Ved førespurnader om vandel bør kommunen legge vekt på at det ikkje skal innhentast meir informasjon enn det som er nødvendig for å avklare om personen er valbar etter § 72.

Ut frå dei nemnte vilkåra ber vi om følgjande opplysningar:

- medlemene sin fødselsdato
- medlemene si stilling
- stadfesting på at kommunen har kontrollert at ingen av medlemene er valt i strid med §§ 53, 56, og 71-74.

Med helsing

Hilde Rasmussen Nilsen
seniorrådgjever

Marte Ruvang Karlsen
rådgjever

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.